



Møteinnkalling

Utval: SOGN REGIONRÅD
Møtestad: Sogndal vidaregåande skule, møterom Stedje 3. etasje
Møtedato: 06.05.2015 **Tid:** 10:00

Eventuelt forfall skal meldast til telefon 57 62 96 14 - Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

I samarbeid med Sogndal kommune og Ungt entreprenørskap arrangerer Sogn regionråd entreprenørskapsmesse 6. mai. Programmet for messa er lagt ved. Det er sett av tid til å delta på opnings- og avslutningsarrangementet og besøk på stand.

Dagsorden

- 1000-1055 Opningsarrangement og besøk på stand, Idrettshallen
- 1100-1200 Handsaming av saker i Sogn regionråd
- 1200 -1230 Enkel servering
- 1230-1315 Framhald handsaming saker
- 1320-1400 Kommunale og regionale planstrategiar
Fylkesdirektør Svein Arne Skuggen Hoff, Sogn og Fjordane fylkeskommune
- 1415-1445 Avslutningsarrangement, Idrettshallen
- 1500-1515 Fylkesprosjektet «Felles innsats for samfunnsdeltaking og inkludering» med tanke på flyktningar og arbeidsinnvandrarar
Seniorrådgjevar Thorvald Moen, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- 1515-1545 Sogn lokalmedisinske senter – status
Dagleg leiar Vivian Kvam, Sogn LMS
- 1545-1605 Helse Førde sine utviklingsplanar for verksemd og bygningar i føretaket
Utviklingsaktør Anne Kristin Kleiven og kommunikasjonssjef Terje Ulvedal,
Helse Førde

Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr.
7/15	Tittel 15/485-3 Utgreiing om samband mellom Austlandet og Vestlandet - fråsegn
8/15	15/1581-2 FV53 Årdal-Tyin
9/15	15/1597-1 Årsmelding og rekneskap 2014
10/15	14/3360-3 Møteplan for 2015 - endra
11/15	15/717-3 Orienteringssaker i Sogn regionråd

Sogndal, 24. april 2015

Harald N. Offerdal
leiar

Karina Nerland
dagleg leiar

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 15/485

Arkiv: Q12 &13

Saksnr.: Utval
7/15 Sogn regionråd

Møtedato
06.05.2015

Sak 7/15

Utgreiing om samband mellom Austlandet og Vestlandet - fråsegn

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek følgjande fråsegn:

1. Sogn regionråd støttar Statens vegvesen sin langsiktige utviklingsstrategi for riksvegnettet med to hovudsamband mellom Austlandet og Vestlandet.
2. Sogn regionråd legg til grunn at E16 over Filefjell vert fullført som planlagt og at nødvendige utbetringar på E16 gjennom Valdres vert utført.
3. Sogn regionråd støttar Statens vegvesen si klåre anbefaling om tunnel frå Borlaug til Bjøberg og ei vidare opprusting av Rv 52 Hemsedalsfjellet, med tilkopling av Rv5 og ferjefritt samband Mannheller – Fodnes med utbetring av kritiske punkt på Rv 5. Eit slikt hovudsamband mellom Florø og Oslo vil også gje svært god regional effekt for Sogn og Fjordane. Sogn regionråd støtter Rv 134 som aust-vest samband for søndre del av Vestlandet.
4. Sogn regionråd står framleis fast på at staten må sette i gang KVVU for Sognefjellstunnelane.

Vedlegg:

Høyringsbrev
Rapport aust-vestutgreiing

Saksutgreiing:

Statens vegvesen har gjennomført ei utgreiing om vegsambanda mellom Austlandet og Vestlandet. Det er stort behov for å betra regulariteten vinterstid på fjellovergangene. Utgreiinga har analysert tenkbare utbyggingar av riksvegsamband for å få grunnlag til å føreslå kva aust-vest samband som bør prioriterast. Utgreiinga er ein del av strategi- og analysearbeidet til Nasjonale Transportplan og blir eit viktig grunnlag for komande revideringar av Nasjonal Transportplan.

Det er analysert sju ulike alternativ mellom Oslo og Bergen på E16 over Filefjell, rv 52 over Hemsedal, fv 7 over Hardangervidda og E 134 over Haukeli.

Utgreiinga konkluderer med at det er behov for å plukka ut nokre hovudsamband. Det er nødvendig for å sikra at det blir nødvendige midlar til større utbyggingar av desse.

Statens vegvesen foreslår at E 134 over Haukeli bør veljast som eit av to hovudsamband. Det andre prioriterte sambandet bør vera Rv 52 over Hemsedal eller E 16 over Filefjell. Statens vegvesen meiner strategisk at det er mest framtidsretta å prioritera alternativet rv7/rv 52 over Hemsedal. Det vil gje raskare samband mellom Oslo og Bergen. På same tid vil det gje vidare utviklingsmoglegheiter mot Sogn og Fjordane og Sunnmøre. Ei utbygging av rv 5 med bru over Sognefjorden vil vera ein naturleg del av ein langsiktig strategi for utvikling av rv 52 som eit hovudsamband mellom aust og vest. Ei slik utbygging vil gje meir trafikk over Hemsedal og dermed auka nytte for tiltak på rv 52.

Statens vegvesen har vurdert behovet for å gjennomføra ein KVVU for Sognefjellstunnelane. Analysane viser at ei utbygging av Sognefjellstunnelane vil gje liten effekt og Statens vegvesen meiner at det ikkje er behov for ein KVVU.

Sogn regionråd har i brev av 4. mars 2014 oppmoda Samferdselsdepartementet om å starta ei konseptvalutgreiing for Sognefjellstunnelane.

Det er oppretta eit interessefellesskap for aust-vest Rv 52 og Rv 5.

Utgreiinga er sendt på høyring med frist 8. mai. Utgreiinga har vore drøfta i samferdslegruppa og framlegg til fråsegn vart drøfta på ordførarmøte 20. april.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 15/1581

Arkiv: Q10

Saksnr.: Utval
8/15 Sogn regionråd

Møtedato
06.05.2015

Sak 8/15

FV53 Årdal-Tyin

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek følgjande innspel til Sogn og Fjordane fylkeskommune:

Vi er kjende med at Sogn og Fjordane fylkeskommune vurderer vinterstenging eller redusert vinterberedskap for Fv 53 Årdal-Tyin. Sambandet er hovudferdselsåra mellom Årdal og Austlandet, og vegen bør haldast vinteropen. Ei vinterstenging vil råka hardt. Kostnadane for fylkeskommunane verkar å vera små i høve til den store samfunnsnyttan for næringsliv, innbyggjarar og besøkande. Aktiviteten på og rundt sambandet er høg heile året. Ulempene ved vinterstenging vil vera særst negative for næringslivet på begge sider av fjellet, særleg for reiselivet. Området og hyttene vil bli mindre brukt vinterstid. Vinterstenging vil gje dårlegare beredskap, og ved ulukker og stenging av E16 vil vinterstengt fv 53 gje lengre omkøyringsveg.

Oppland fylkeskommune, som er med å deler på utgifter og investeringar, åtvarar mot framlegget om vinterstenging. Det vert vist til rapporten utarbeidd av Årdal utvikling i samarbeid med Vang kommune som synleggjer verdien og kor viktig det er med heilårssamband Årdal-Tyin.

Vedlegg:

Brev frå Årdal kommune av 15.4.2015
Rapport Årdal utvikling
Uttale frå Oppland fylkeskommune

Saksutgreiing:

Øvre Årdal – Tyinkrysset på Fv 53 er heilårssambandet mellom Valdres og Årdal. Vegene er om lag 35 km lang og ligg i dei to fylka. Etter at Stortinget våren 2014 vedtok nytt inntektssystem for fylkeskommunane vart inntektsgrunnlaget for Sogn og Fjordane fylkeskommune monaleg redusert. Eit av innsparingsframlegga er å vinterstenge nokre fleire fjellovergangar. Årdal kommune viser til at ei vinterstenging vil råka hardt. Oppland fylkeskommune åtvarar mot framlegget. Saka vart drøfta i ordførarmøte 20. april og administrasjonen vart beden om å laga framlegg til innspel til Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 15/1597

Arkiv: 210 &14

Saksnr.: Utval
9/15 Sogn regionråd

Møtedato
06.05.2015

Sak 9/15

Årsmelding og rekneskap 2014

Tilråding:

Sogn regionråd godkjenner årsmelding og rekneskap for 2014 slik den ligg føre.

Vedlegg:

Årsmelding og rekneskapen for 2014

Saksutgreiing:

Årsmeldinga og rekneskapen for 2014 er lagt ved.

Rekneskapen for Sogn regionråd er revidert som ein del av rekneskapen for Sogndal kommune.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 14/3360

Arkiv: 033 &85

Saksnr.: Utval
10/15 Sogn regionråd

Møtedato
06.05.2015

Sak 10/15

Møteplan for 2015 - endra

Tilråding:

Møteplan for 2015 blir endra slik:

Felles formannskapsdag: Endra møtedato frå 23. oktober til 30. oktober.

Møte i Sogn regionråd: Endra møtedato frå 30. oktober til 6. november.

Saksutgreiing:

Sogn regionråd vedtok 5. desember følgjande møteplan for møte i Sogn regionråd og felles formannskapsdag i 2015:

«Regionrådsmøte:

26. februar

6. mai

19. juni

18. september

30. oktober

4. desember

Felles formannskapsdag:

23. oktober»

Prosjektgruppa meiner felles formannskapsmøte som er sett opp den 23. oktober bør flyttast fram slik at det blir meir tid mellom konstituerande møte i kommunane og den felles møtedagen med formannsskapa. Administrasjonen sitt forslag er at felles formannskapsdag blir flytta frå 23. oktober til 30. oktober og at møtet i Sogn regionråd blir flytta frå 30. oktober til 6. november.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 15/717

Arkiv: N10

Saksnr.: Utval
11/15 Sogn regionråd

Møtedato
06.05.2015

Sak 11/15

Orienteringssaker i Sogn regionråd

Orienteringar og drøftingar

1. Leiar
2. Innspel frå medlemne:
 - Stortingsmelding – nye oppgåver til kommunane/framtidige linjetilbod i vidaregåande skule i fylket.
3. Helsegruppa, næringsutvikling-/RUP-gruppa og samferdslegruppa
4. Programstyret System for styrka læring
5. Rådmannsgruppa
6. Administrasjonen
 - Prosjektering av hangar: Finansiering frå kommunane - status
7. Kommunale og regionale planstrategiar ved fylkesdirektør Svein Arne Skuggen Hoff, Sogn og Fjordane fylkeskommune
8. Fylkesprosjektet «Felles innsats for samfunnsdeltaking og inkludering» med tanke på flyktningar og arbeidsinnvandrarar
Seniorrådgjevar Thorvald Moen, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
9. Sogn lokalmedisinske senter – status
Dagleg leiar Vivian Kvam, Sogn LMS
10. Helse Førde sine utviklingsplanar for verksemd og bygningar i føretaket
Utviklingsdirektør Anne Kristin Kleiven og kommunikasjonssjef Terje Ulvedal, Helse Førde

Skriv og meldingar

1. Invitasjon til bedriftene om finansiering av hangar og deltaking i eit interesseutval for Sogndal lufthamn Haukåsen, 7.4.2015.
2. Innspel frå Sogn regionråd til møtet med Samferdsledepartementet 13.4.2015



Til bedriftene i regionen

Invitasjon til næringslivet i regionen

Vi inviterer bedriftene i regionen til å vera med i arbeidet for å styrka og utvikla Sogndal lufthamn Haukåsen.

Sogn regionråd har over fleire år arbeidd for betra flyrutetilbod på Haukåsen. Sogndal lufthamn har gode passasjertal og vekst, men også utfordringar knytta til kapasitet og regularitet som vi ønskjer å bidra til å finna løysingar på.

Hangar og nattstasjonert fly

Sogndal lufthamn har stort potensiale for vidare passasjervekst. Den største passasjerauken er dei som reiser med morgonflyet både til Oslo og til/om Bergen for å kome til Oslo. I dag deler vi morgonflyet til Oslo med Sandane lufthamn. Morgonavgangane til Oslo vert ofte tidleg fulltinga. Det betyr at mange vert avviste og må reise til andre tidspunkt eller andre reisemåtar. Vi ønskjer at kapasiteten vert betra.

Flyplassen ligg i ei klimasone med til dels store snømengder. Sogn regionråd har i fleire rutehøyeringar spelt inn behovet for nattstasjonert fly og svaret frå Samferdselsdepartementet har til no vore negativt. Vinteren 2014/2015 har det vore mange kanselleringar. Morgonflya har gjennomgåande 40% dårlegare regularitet enn flya seinare på dagen eller kvelden. I januar og februar 2015 var det 56 kanselleringar medan det for same periode i fjor var 11.

Det betyr mykje for reisande å kome ut frå Sogndal på morgonen. Med nattstasjonert fly på Haukåsen vil det i realiteten bli slik at flyet kan ta av i nærast all slags vêr. Eit nattstasjonert fly vil betra regulariteten på morgonflyet til Oslo, samstundes som det vil gje betre kapasitet. Om bedriftene bidreg og går inn med eigenkapital, kan vi tilby flyselskapet hangarhall alt frå neste anbodsperiode.

Samferdselsdepartementet lyser ut ny anbodskonkurranse for statleg kjøp av flytransport i løpet av våren 2015. Kontraktar med flyselskapet blir tildelt sommaren 2015 for ny kontraktsperiode som gjeld i fire år frå 1.4.2016.

Vi ønskjer i denne omgang å kartleggja om det er interesse blant private bedrifter i regionen til å vera med å finansiera bygginga av flyhangar.

Interesseutval

Sogn regionråd vedtok i møtet 26. februar 2015 at det vert arbeidd vidare med å etablera eit interesseutval for Sogndal lufthamn Haukåsen. Interesseutvalet skal saman med Sogn regionråd vera pådrivar og påverke avgjerdstakar for eit betre flytilbod og ta initiativ til tiltak og prosjekt som stør opp om flyplassen.

Innspela som Sogn regionråd fekk frå privat næringsliv og offentlege verksemder november 2014 viser at flyplassen betyr mykje for regionen. Eit interesseutval samansett av politisk leiing i kommunane og representantar frå næringslivet vil vere ei styrke i arbeidet framover med å utvikla flyplassen og rutetilbodet.

Vi ønskjer at næringslivet saman med kommunane vurderer kva som er eigna organisasjonsform for eit interesseutval. Aktuelle organisasjonsformer kan til dømes vera prosjektorganisering eller aksjeselskap, og vil avhenge av kva ein ønskjer interesseutvalet skal ha fokus og prioritet på.

Vi inviterer næringslivet til å vera med i eit interesseutval for å styrka og utvikla Sogndal lufthamn Haukåsen og leggja grunnlaget for auka trafikk.

Bedrifter som ønskjer å vera med på finansiering av hangar og/eller bli med i eit interesseutval melder tilbake til nærings sjefen i kommunen innan 24. april.

Kontakt Harald N. Offerdal tlf 90 79 45 26 eller ordførar Jarle Aarvoll 90 82 24 20 om de har spørsmål til invitasjonen.

Med helsing

Harald N. Offerdal
leiar i Sogn regionråd

Jarle Aarvoll
ordførar Sogndal kommune

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Flyruter

Sogndal lufthamn Haukåsen

Møte med Samferdselsdepartementet 13. april 2015

OM SOGN

- 32 000 innbyggjarar i Sogn
- Regionen er vertskap for ei rekkje verksemdar med nasjonale og internasjonale interesser
- Arbeidsplassveksten i Sogndal og Leikanger er 14% dei siste fire åra
- Offentlege verksemdar m.a. Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi), Høgskulen i Sogn og Fjordane, Fylkesmannen, fylkeskommunen, NAV Økonomitjenester, Statens vegvesen hovudkontor Region Vest, Statkraft og Vestlandforskning
- Private verksemdar m.a. Hydro, Norsun, Lerum, Avery Dennison NTP, Vik Ørsta og Veidekke
- Verksemdene stiller store krav til regularitet
- Rutetilbodet er viktig for utviklinga i regionen

FLYRUTETILBODET

- Passasjervekst på Haukåsen siste åra
- Betra rutetilbod gir auka passasjertal
- Mange kanselleringar siste vinteren
- Kapasitet morgon og kveld bør betrast. Mange vert avviste og må finna andre reisemåtar. Dette påverkar vidare passasjervekst
- Nattstasjonert fly vil gje betre regularitet vinterstid og betre kapasitet om morgonen

INNSPEL TIL ANBODSGRUNNLAGET

- Nattstasjonert fly
- Sogndal – Oslo v.v.: Fem daglege avgangar med fire direkte avgangar alle kvardagar
- Bergen – Sogndal: Ettermiddagsfly frå Bergen ca kl 17



TILRETTELAGT FOR HANGAR TIL NATTSTASJONERT FLY

- Flyplassen ligg i ei klimasone med til dels store snømengder
- Sogndal lufthamn har lagt til rette for å byggje hangar (rubbhall) i nord-vestlege del på flyside


BYGGING AV HANGAR

- Kommunane i Sogn regionråd finansierer prosjekteringa av hangar
- Utgreiinga vil vera ferdig før sommaren
- Sogn regionråd har invitert lokalt næringsliv til å gå inn med eigenkapital for å finansiera hangar
- Finansieringsplanen vil vera ferdig før sommaren

SOGN REGIONRÅD

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for ni kommunar langs Sognefjorden: Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Våre satsingsområde er:

- Næringsutvikling
- Samferdsle
- Helse



SOGN REGIONRÅD

Postboks 153, 6851 Sogndal
www.sogn.regionraad.no